Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Ivar Bjørgo

(adresse): Bolstadøyri

Fylke: Hordaland

Herad: Evanger

Bygdelag: Bolstad

Gard: Bjørgo

G.nr. 14 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis eigi røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Delvis etter min far Nils Bjørgo, 76 år, bonde her.

SVAR

Hjelpefor utanumm høy vert vanleg kalla for „mork" og kalla „bjerg".

Mest nytta er, og hev vore skav og beit. Å skava, skov, skjev, skave. Skav hev vore mykje nytta, og er delvis enno nytta som hjelpefor her i bygdi. Gardar med rikeleg skavskog – morkaskog – var det fyrr rekna med som ein lut av vinterforet. No vert det berre nytta som hjelpefor i vanskelege år. Mest nytta treslag til å skava er raun og osp. Alm vert rekna for å vera best men det er eit treslag det er minder av. Sidanst kjem raun som er halden for svært god skavskog. Ein kann enno høyra folk segja at det svarar seg å skava raun for å få meir avdrått. Osp er halden for ringare skavskog og vert mest nytta i naudår.

Ein kjenner ikkje til at ordet skav, (skjeola) vert nytta om noko serl treslag.

Det rim som er nemnd under spl. 7 er vanleg kjendt i den ordlyd som der er brukt.

1221

Dyr, som og geit fekk skav, men ein kjenner ikkje til at det hev vore bruka til hest. So vidt eg kjenner til fekk dyri skavet for seg, helst fekk dei det attpå kraftsmaten, eller og siste mål fyre middag for at dei skulde ha betre lyst til å eta godt upp. Ikkje alle dyr kunde vera like huga på skav. Skav av or kjenner ein inkje til hev vore bruka. Vart ospeskav bruka i store mengder kunde krøtra missa hugen på det.

Ved bruk av skav av raun og alm fekk ein meir og feitare mjølk, smøret vart gult og fint. Alle slag skav kunde ein bruka i store mengder utan skadeverknad. Vart det derimot bruka mykje ospeskav, vart smøret kvitt og hardt og mindre godt, likeså mjølki.

Var det so at ein skulde skava i store mengder måtte ein til skogs å hente heim morkaskog, hogga mork, elles vart slik ved lagt på ein serskild plass og ikkje blanda saman med den andre veden. Serleg raun vert ofte bruka i skava men den er hoggen saman med annan ved.

Det er vanleg å skava all hesjaved og skavet av raun, osp, selja vert bruka til krøtra.

Ein bruka å segja ein skal på markaskog, eller på marking.

1221
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Veden som vart henta heim for
å skavast vart kalla for mott.
Gjerningsordet, å marka er vel
kjendt, å marka vert helst nytta når
ein skal av eller burt fin kvist eller skav-
ved, ogso når ein lauvar inn
våren slik som vert uppfora
eller kvart.

Skavhenting vart helst um vinteren
og våren fyr ein fek krötra ut.
Det er rekna for eit höyllande og
mödefüllt arbeid. Ein kjenner
ikkje til at karfolki skulde henta
skav på fastande hjerta langfredag.

Um vinteren vart som oftast
halde til inne i stova med skavingi.
Naar inn våren vart det som
oftast halde til ute på tunet
når veret var godt. Elles kunde
det og verta skave i skogen der som
ein fann skav-veden, dersom
den ikkje var heimkøyrd um vinteren.

Til å skava med vart helst
brukta skavljå. Det var som regel
ein sliv, noko sliten langljå
som vart nytta til dette. Ein
brant av noko av yttarste enden
so den ikkje vart so lang. So
var det sett skaft på båe endar.
Men og hev sett mange slike
skavljåar der det berre var brukta ei
tyfille inn båe endar. Mindre
brukta hev vore å få skavljåar serskild
laga til dette bruk. Ein gamal ljå var best. 1221

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Små lette kjeppar vart som oftast
avkappa i vanleg vedlengd ca. 60 cm.
So var det å halda eine enden av
skavljårn i handi med eine enden
og den andre enden av skavljårn
mótte kvila alltåt eitkvart. So
var det å taka skavkjeppen med
bæ hende og draga den alltåt
skavljårn på undrsida, umlag
halve kjepplengde um gangi. Dei
som var vane å skava, skar snart
solein. Større kubbar vart og ofte
avkappa i vanleg vedlengdr. So held
ein eine enden av kubben
i fanget medan den andre
enden mótte kvila på eitkvart
Er det var berre so store dei greide
halda i kubben, var det å setja til
mótes og halda kvar sin ende av
kubben i fanget. Den som
skar held då skavljårn med
bæe hendene og drog den
inn mot fanget, ein
skar halve kubblengdi um
gangi, altso i kvart drag. Elles
var og mykje nytta å bruka sag-
krokken, når ein skar ute-
til å leggja kubbane uppi. Då
ofte og utan at dei var av-
saga i vanleg vedlengd fyreåt.
Den som skar held då i
skavljårn med bæe hendene
og tok umlag ei halv alen
i kvart drag. Gjerne hadde ein

1221
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

då einkvan til å hjelpa til med å halda i kubben.

Når ein skjer hesjaved held ein alltid til ute og bruka å leggja hesjaveden i sagkrokk når ein skjer.

Når ein skar inne i stova hadde far ein klosse spikra på veggen til å stydja skavljåen mot, ein skavkniv. Den vart slåande på veggen heile vintrane. Han brukte mykje å skava um vinter-kveldane so lengje han såg, no ser han ikkje til det.

Ordet skavhøl kjenner ein ikkje til hev vore i bruk her.

Av det eg hev skrive her fyreåt er det forklart korleis ein sit når ein skjer.

Veden som ein skjer vert kalla mest um småved, og skav eller skav-kubbe um større eller litt grovare ved.

Ein skjer både tunne kjeppar og større ved. Den vert som fyr sagt avkappa i vanleg vedlengd, ca. 60 cm. Skav av små kjeppar er rekna for betre skav, enn skav av større ved. Truleg åt det betre.

Kjeppar og noko større ved som vert skore vert kalla for skjeved, fleirtal skjevlar. Vert det noko større ved kallast det kubbe.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Skal skavet vera godt må det vera skave i tunne fine blokker. Men ein skjer hele borklaget, og gjerne eit lite tunt lag ved med. Ein reknar at den beste delen av borken ligg inn ved veden.

Det var stor skilnad på til å skava godt, den som skav det i tunnaste og finaste blokker skav best, det vart best ete.

Veden som var skaven vart mykje nytta som brenneved, serleg dei tunne fine kjippar (skjevlar)

Skav kann ein endå sjå vert nytta som fôr, serleg i fjellbygda, på fjellgardar serleg, der det er vanskeleg å få fram kjøpt fôr.

1221

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING